

Bioforsk Rapport

Bioforsk Report
Vol. 8 Nr. 7 2013

Vurdering av tilstand og skjøtselsbehov i naturreservata Gåsøy og Nærøyane i Flora kommune, Sogn og Fjordane

Pål Thorvaldsen
Liv Guri Velle
Bioforsk Vest Fureneset

www.bioforsk.no





Frederik A. Dahls vei 20
N-1432 Ås
Tel.: (+47) 40 60 41 00
post@bioforsk.no

Bioforsk Vest Furenest
Divisjon Grovfor og kulturlandskap
Fureneset
6696 Hellevik i Fjaler
Tel.: (+47) 40 60 41 00
pal.thorvaldsen@bioforsk.no

Tittel:
Vurdering av skjøtselsbehov i naturreservata Gåsøy og Nærøyane i Flora kommune, Sogn og Fjordane

Forfattere:
Pål Thorvaldsen og Liv Guri Velle

Dato/Date: 15. januar 2013	Tilgjengelighet/Availability: Åpen	Prosjekt nr./Project No.:	Saksnr./Archive No.: Arkivnr
Rapport nr./Report No.: 7	ISBN-nr./ISBN-no: 978-82-17-01048-7	Antall sider 30	Antall vedlegg 3

Oppdragsgiver/Employer: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, ved miljøavdelinga	Kontaktperson/Contact person: Johannes Anonby
--	--

Stikkord/Keywords: Skjøtsel av kystlynghei	Fagområde/Field of work: Grovfôr og kulturlandskap
---	---

Samandrag:
Rapporten gir ei vurdering av tilstand og skjøtselsbehov i dei to naturreservata Gåsøy og Nærøyane i Flora kommune basert på feltbefaring i 2011. Kartlegginga av naturtypene er i hovudsak gjort etter det nye NiN-systemet. Kystlynghei, kulturmarkseng og open myrflate er dei mest vanlege naturtypene i dei to reservata. Avgrensingane mellom naturtypene kan vere vanskelege å kartfeste, då dei har glidande overgangar og vekslar på ein liten romleg skala. I tillegg er det ikkje fastsett heilt klare definisjonar på kva som er kva. Denne problematikken er omtala i innleiinga av rapporten. Naturtypene er avgrensa på kart med eigenskapstabell for dei forskjellige polygona i vedlegg. Rapporten har også ei artsliste basert på synfaring. Artslista er ikkje komplett.

Det er vidare gjort ei vurdering av tilstanden for dei skjøtselsbetinga naturtypene, og forslag til skjøtsel er lagt fram. Begge reservata har hatt tidlegare busetting og jordbruksdrift som har tatt slutt. Vegetasjonen på både Gåsøy og Nordre Nærøy synte seg å vere i dårleg hevd, og ber preg av at det ikkje har vore beitedyr på øyane på ei god stund. Dette har mellom anna ført til at gjengroing med lauvkratt er i gang, særleg på Nordre Nærøy. Det er også framande artar som sitkagran og platanlønn på øyane.

Skjøtselstiltaka på dei to øyane må avgjerast i forhold til dei framtidige målsetjingane for reservata. Dersom ein skal klare å ta vare på dei kulturbetinga naturtypene i dei to naturreservata, vil det vere viktig å komme i gang med kontinuerlege og langsiktige skjøtselstiltak så snart som råd. Dei to reservata skil seg frå kvarandre ved at innslaget av kystlynghei er høgast på Gåsøy, medan Nordre Nærøy har meir kulturmarkseng. Av skjøtselstiltaka som er førespegla i rapporten finn ein beiting, lyngsviing, mekanisk fjerning av problemartar og svartlista artar, samt oppfølging av tiltaka. Det vil vere avgjerande å få på plass langvarige beitereregime for å lukkast med fleire av tiltaka.

Godkjent / Approved

Navn/name

Prosjektleder / Project leader

Navn/name

Innhald

1.	Introduksjon	4
1.1	Fastmarkssystemet	4
1.1.1	Kulturmarkseng	4
1.1.2	Kystlynghei	4
1.2	Våtmark	7
1.3	Avgrensingar mellom naturtypene	8
2.	Gåsøy naturreservat	10
2.1	Status	10
2.1.1	Kystlynghei	12
2.1.2	Myr	13
2.1.3	Grasmark	14
2.2	Skjøtselsbehov	15
3.	Nærøyane naturreservat	19
3.1	Status	19
3.1.1	Kystlynghei	21
3.1.2	Myr	22
3.1.3	Grasmark	23
3.2	Skjøtselsbehov	26
4.	Oppsummering	28
5.	Litteratur	29

Forord

På oppdrag frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøavdelinga, har Bioforsk Vest Fureneset gjort ei synfaring i to naturreservat i Flora kommune. Føremålet med synfaringa var først og fremst å vurdere kystlyngheia i begge reservata, og på bakgrunn av dette vurdere skjøtselsbehov og gi konkrete forslag om tiltak. Begge naturreservata har tidlegare vore busett. Det var derfor naturleg at også anna kulturmark vart vurdert med omsyn til graden av påverknad, tilstand og behov for skjøtsel. Samstundes vart også myrførekomstane i reservata klassifisert og kartlagt.

Prosjektet kom i stand etter eit initiativ frå FM i 2010. På grunn av knapt med tid og vanskelege vêrtilhøve utover hausten vart ikkje dei to reservata synfart før sommaren 2011, då ein i samarbeid med Tore Gundersen ved SNO besøkte begge lokalitetane. På bakgrunn av denne synfaringa og seinare tolking av flyfoto, vart det også utarbeida eit grovt naturtypekart etter det nye NiN-systemet som eit tillegg til det avtalte arbeidet. Hovudansvaret for arbeidet har vore Pål Thorvaldsen i samarbeid med Liv Guri Velle.

Vi vil gjerne takke Tore Gundersen for velvillig assistanse ved feltarbeidet og oppdragsgivar for å ha utvist stort tolmod med omsyn til ferdigstilling av rapport. Vi håper rapporten som ligg føre kan vere eit bidrag til forvaltinga av dei to verneområda. Det har vore eit fagleg interessant prosjekt på fleire måtar ettersom ein av lokalitetane er noko utypisk, slik at nokre av definisjonane i NiN-systemet har vorte satt på prøve.

Fureneset, 15 januar 2012.

Pål Thorvaldsen,
Prosjektleder

1. Introduksjon

Det vert i dag brukt fleire system for å kartlegge norsk natur. Ved kartlegging av naturreservata Gåsøy og Nærøyane har vi i hovudsak nytta det nye NiN-systemet for kartlegging av Naturtyper i Norge (www.artsdatabanken.no, Erikstad et al. 2009, Halvorsen et al. 2009). Dette valet har blitt gjort på bakgrunn av at det i regi av Direktoratet for Naturforvaltning er sett i verk eit omfattande kartleggingsarbeid etter NiN i alle landets naturreservat. Det vert også referert til kartleggingssystemet Vegetasjonstyper i Norge (Fremstad 1997) og til ein viss grad DN-13 handboka (DN 1999). DN-13 handboka er eit grovare forvaltingsretta kartleggingssystem tilpassa areal utan områdevern, og er derfor mindre relevant ved kartlegging i verneområde. Systemet har likevel ein betydeleg verdi for å framskaffe statistikk over naturverdiane på landsbasis, og er også i ferd med å få auka verdi ved implementering av handlingsplanar for utvalde naturtypar under den nye naturmangfaldslova, sjølv om desse planane primært er retta mot lokalitetar utanfor verneområde.

I forbindelse med arbeidet i dei to reservata i Flora var det naturleg å ha størst merksemd på naturtypane kystlynghei, kulturmarkseng og myr. Både kystlynghei og kulturmarkseng høyrer til i fastmarkssystemet i NiN, mens myr høyrer til under våtmarkssystemet.

1.1 Fastmarkssystemet

Den lokale basis-økoklinen Grunnleggjande hevdform (HF) skil i NiN mellom tre ulike driftsformer i jordbruket som har gitt opphav til ulike kategoriar av kulturmark; slått, beite og avsviing. Denne økoklinen deler hovudtypen kulturmarkseng i slåtteeng og beiteeng, mens det i naturtypen kystlynghei tradisjonelt er kombinasjonar av sviing og heilårsbeiting som er relevant.

1.1.1 Kulturmarkseng

Grunnlaget for inndeling av hovudtypen T4 Kulturmarkseng i NiN er basert på variasjonar i fuktigheit og kalkinnhald, og tilsvarar det ein finn for andre naturtypar. Typen omfattar engprega, opne eller tresette økosystem som er forma gjennom ekstensiv ('tradisjonell') hevd (beite og slått, eventuelt også avsviing) gjennom lang tid, ofte hundrevis av år. Marka i kulturmarkseng kan være rydda for stein, men er ikkje pløgd. Hovudtypen er igjen delt inn i 13 grunntypar: 1. kulturmarksrye, 2. svak lågurt-kulturmarkseng, 3. lågurt-kulturmarkseng, 4. kulturmarkskalkeng, 5. kulturmarks-fuktrye, 6. svak lågurt-kulturmarksfukteng, 7. lågurt-kulturmarksfukteng, 8. kulturmarkskalkfukteng, 9. kulturmarksvåteng, 10. fattig kulturmarkskant, 11. svak lågurt-kulturmarkskant, 12. lågurt-kulturmarkskant og 13. kulturmarkskalkkant. På grunn av at NiN-systemet er forholdsvis nytt er dei ulike grunntypene i liten grad utgreia for eng og det manglar skiljeartar.


Fremstad (1997) har delt inn kulturbetinga vegetasjon i 14 forskjellige vegetasjonstypar og skildra 17 ulike utformingar under desse typane. Denne inndelinga er i tillegg til det som seinare vart tatt i bruk i NiN, basert på ein næringsgradient frå fattig til rik og ein regional klimatisk gradient (sør-nord, kyst-innland, lågland-fjell). Det er ikkje skilt mellom beitemark eller slåtteng då det vart vurdert til vanskeleg på grunn av at mykje av dagens kulturmarkseng ofte er eller har vore beita over ein periode, eller vert berre beita i dag. Utgreiinga av Vegetasjonstyper i Norge er eit system som etter kvart har vorte godt innarbeidd i forvaltninga, og såleis framleis har stor relevans og nytteverdi ved kartlegging.

1.1.2 Kystlynghei

Kystlynghei vert i NiN-systemet definert som eit "*heipreget økosystem i oseanisk klima med lyngarter, først og fremst røsslyng, som nøkkelart*". På same måte som for andre naturtypar skil ein grunntypene av kystlynghei på grunnlag av variasjon i fuktigheit og kalkinnhald. Dette gjer at hovudtypen T5 Kystlynghei er delt inn i seks grunntypar: 1. kalkfattig kystthei, 2. kalkfattig kystfukthei, 3. intermediær kystthei, 4. intermediær kystfukthei, 5. kalkkystthei og 6. kalkkystfukthei.


Kystlyngheiane karakteriserer O3-seksjonen langs kysten vår frå Sørlandet til Lofoten, og fins ofte i mosaikk med kulturmarkseng, myr, open furuskog og lauvskog (Moen 1998). Kystlynghei er ein kulturbetinga naturtype, og undersøkingar har synt at opphavet til nokon av dei eldste kystlyngheiene går heile 6000 år tilbake i tid (Prøsch-Danielsen & Simonsen 2000). Etableringa av kystlynghei følgde busetjingsmønsteret, og dette forklarar den metakrone opprinninga til kystlyngheiane (Kaland 1979). Sein bronsealder og jernalder peiker seg likevel ut som viktige tidsperiodar for den endelege etableringa av fleire kystlyngheiar her til lands (Hjelle, Halvorsen & Overland 2010).

Kystlyngheiane har kome til som eit resultat av at folk har fjerna skog for å skaffe beite til husdyra. Det milde klimaet langs kysten om vinteren gjorde det mogeleg med heilårsbeiting, og den eviggrøne røsslyngen har vore ein viktig vinterbeiteressurs i dette driftssystemet. Den kontinuerlege bruken av lyngheiane i form av beiting, lyngsviing og lyngslått har vore viktig for å sikre beitekvaliteteten i lyngheiane, og for å hindre at skogen kjem tilbake. Ein reknar med at kystlyngheiene hadde si største utbreiing rundt 1850 (figur 1.1). I dag er kystlynghei klassifisert som ein trua naturtype både internasjonalt (EUs Habitatdirektiv 92/43/EEC) og nasjonalt (Lindgaard & Henriksen 2011). Opphøyr av tradisjonell bruk er ei av hovudårsakene til dette (Fremstad & Moen 2001).



Figur 1.1. Rosa markering på kartet syner utbreiinga av kystlynghei i Europa rundt 1850, då kystlyngheia truleg hadde si største utbreiing. Kystlyngheia strekkjer seg frå Portugal i sør og til Lofoten i nord. Illustrasjon: H. Diemont og P. E. Kaland 2002.

Røsslyng er den karakteristiske og dominerande arten i vegetasjonsdekket. Ei forståing av lyngheisyklusen (figur 1.2) er såleis avgjerande for berekraftig skjøtsel av naturtypen. Lyngheisyklusen skildrar gjenvæksten av røsslyngen etter lyngsviing i fire fasar; pionerfase, byggefase, moden fase og degenererande fase (Watt 1947, Gimingham 1988). Pionerfasen er den første tida etter sviinga, og røsslyngen regenererer anten frå rotskota til avsvidde røsslyngplantar eller i form av frøspirar frå frøbanken. I denne fasen tek røsslyngen liten plass, og urter og gras får etablere seg i vegetasjonsdekket. Pionerfasen er ofte eit godt beite frå vår til haust. Etter kvart som tida går og røsslyngen kjem inn i byggefase dannar røsslyngen på nytt eit tett og dominert vegetasjonsdekke, og både urter og gras minkar i omfang. Røsslyngen går så over i moden fase, og det er i denne fasen ein tradisjonelt sett har utført lyngsviinga. Dersom ein ikkje svir lyngen vil han gå over i ein degenererande fase kor røsslyngplantene vert forveda og buskete, tjukkelsen på botnsjiktet aukar oftast, og gjengroing med busker og kratt tek til.



Figur 1.2. Lyngheisysklusen syner tradisjonell lyngheidrift med sviing, beiting og slått. Dei fire fasane refererer til røsslyngen sin gjenvekst etter sviinga. Syklusen viser også gjengroingssenariet som følgjer dersom kontinuerleg skjøtsel ikkje held fram. Illustrasjon: P.E. Kaland og K. Isdal

Dei tradisjonelle skjøtelsformene dannar komplekse vegetasjonsdynamikkar i landskapet, med veksingar av røsslyng i ulike aldrar. Sviinga må skje innanfor tillate tidsrom frå haust til vår (15. september til 15. april), når jordsmonnet er vassmetta eller frose. Det er viktig at sviinga ikkje skadar det øvste jordsmonnet som er rikt på frø som spirer etter sviinga. Sviinga har vore eit virkemiddel for å optimalisere produksjonen i kystlyngheia, og tida mellom kvar sviing har vore tilpassa lokale forhold, og truleg variert mellom 8-20 år, og kanskje lenger. Lyngsviing er ein skjøtselsteknikk som skal utførast av røynde folk, og skjøtselboka listar opp fleire omsyn ein skal syne i dette arbeidet (Norderhaug et al. 1999).

Det er skildra fleire vegetasjonstypar med ulike utformingar av kystlyngheia her til lands (Fremstad 1997). Variasjonen er relatert til dei økologiske gradientane ein finn i lyngheia, slik som klimagradientane (frå nord til sør, frå vest til aust, frå lågland til høgare nivå, og lokal klimatiske forhold avhengig av eksposisjon), fuktigheitsgradienten, næringsgradienten, gradientar etter bruk og bruksintensitet, og grad av gjengroing. Ein del artar inngår i større eller mindre grad i dei fleste heitypane, og det er difor mengda av artane (frekvens og/eller dekning) som er viktig i skidringa av typane (Fremstad 1997). Undersøkingar av regenereringsdynamikkar etter sviing langs nord-sør gradienten har synt at det er store variasjonar mellom ulike kystlyngheiar både i forhold til kor fort vegetasjonen kjem tilbake, vegetasjonssamansettinga ein får, og kva slags regenereringsstrategi røsslyngen har (Velle 2012). Gjenveksten av røsslyng er ofte viktig i det praktiske skjøtelsarbeidet, då denne arten styrer lengda på brannrotasjonane og beitetrykket gjennom vinteren. Undersøkingar syner at røsslyngen mange stadar berre regenererer frå frø og ikkje frå rotskot etter sviing. Dette kan skuldast fleire årsaker, men særleg høg alder på røsslyngplantane før sviinga er venta å vere ei av hovudårsakene til dette. I dei tilfella røsslyngen regenererer frå frø, kan gjenveksttida ta noko lengre tid enn ved vegetativ gjenvekst (Velle et al. 2012). For å lykkast med god skjøtsel av kystlyngheia, er det viktig at ein tek omsyn til dei lokale og regionale variasjonane.

Beiting er grunnlaget for all skjøtsel av kystlyngheia (f.eks Hobbs & Gimingham 1987, Bullock & Pakeman 1996). For høgt beitetrykk fører til at ein får ein transisjon frå kystlyngheia til grasheia (f.eks Pakeman et al. 2003, Palmer et al. 2004, Pakeman & Nolan 2009) og at artar med beiteforsvar (som t.d. einer og ulike tistelartar) vert nedbeita. For svakt beitetrykk viser seg ved svak avbeiting og byrjande gjengroing av artar som normalt blir beita, slik som bjørk, osp og rogn (Hobbs & Gimingham 1987, Nilsen 2004). Ved normalt beitetrykk vil ein ikkje kunne registrere desse fenomenene i større delar av beitemarka. Det føreligg i dag ingen retningslinjer for kor sterkt

beitetrykket skal vere for å oppnå ei langsiktig berekraftig forvaltning av kystlynghei ved tilsvarende forhold som i dei aktuelle naturreservata.

Beiting med utegangersau gjennom vinteren er generelt sett å føretrekke for å få til ei god forvaltning av kystlynghei. På eit generelt grunnlag blir det av den grunn tilrådd vinterbeiting. På isolerte øyer kan det likevel førekome forhold som gjer at ein må avstå frå vinterbeiting på grunn av ugunstig klimatisk påverknad eller manglande eigenskapar ved beiteområdet, t.d. manglande skjul, drikkevasskjelde, dårleg vinterbeite eller vanskeleg tilkomst ved eventuelt behov for tilleggsfôring. I slike tilfelle må ein sjølvstøtt ta nødvendige dyreetiske omsyn, og vinterbeiting av området må frårådest. På desse øyene er det ønskeleg at beitesesongen blir forlenga både vår og haust om dette er praktisk mogeleg, slik at ein likevel sikrar ei god avbeiting innanfor ei forsvarleg dyreetisk ramme.

1.2 Våtmark

Det fins mange måtar å klassifisere myr på, avhengig av om utgangspunktet er geografisk, geologisk, hydrologisk, biologisk eller kombinasjonar av desse. NiN-systemet, som her er nytta, samsvarar i stor grad med klassifisering av myr nytta i arbeidet med Myrplanen (sjå f.eks. Moen 1973, Moen & Olsen 1983, Moen 1985), og med trua vegetasjonstypar (Moen et al. 2011). Våtmark i NiN omfattar myr, kjelde og arktisk/alpin grunn våtmark. Det er dessutan ei inndeling i torvmarksformer (landskapsformvariasjon). Nummereringa av einingane nedanfor følgjer NiN (Halvorsen et al. 2009).

Gruppa Natursystem Våtmarkssystem (V) er delt inn i ni hovudtypar, der sju er aktuelle på Noregs fastland: V1 modifisert våtmark, V2 nykonstruert våtmark, V3 svak kjelde og kjelde(skogs)mark, V4 sterk kaldkjelde, V6 åpen myrflate, V7 flommyr, myrkant og myrskogsmark og V9 arktisk-alpin grunn våtmark. Kvar av dei sju natursystem-hovudtypane er igjen delt i 2-15 natursystem (grunn)typar. For eksempel er V6 åpen myrflate delt i 15 einingar etter dei to andre viktige gradientane på myr: fattig-rik og tue-mjukmatte.

I NiN finn ein som nemnd, også ei inndeling av landformgruppa torvmarksformer (TM) i 17 einingar. Desse er i hovudsak ei finare oppdeling av våtmarksmassiv-grunntypane på reint hydromorfologisk grunnlag. På Noregs hovudland fins 16 torvmarksformer: TM-1 konsentrisk høgmyr, TM-2 eksentrisk høgmyr, TM-3 platåhøgmyr, TM-4 kanthøgmyr, TM-5 atlantisk høgmyr, TM-6 terrengdekkjande myr, TM-7 øyblandingsmyr, TM-8 strengblandingsmyr, TM-9 gjenvoksningsmyr, TM-10 flatmyr, TM-11 gjennomstrømningsmyr, TM-12 bakkemyr, TM-13 strengmyr, TM-14 flommyr, TM-15 palsmyr og TM-17 djupkjelde (Erikstad et al. 2009). Inndelinga i torvmarksformer er svært lik inndelinga i hydromorfologiske myrtypar som vart nytta i myrplanarbeidet (Moen et al. 2011).

I ein gjennomgang av kunnskapsstatus som grunnlag for val av oseanisk nedbørsmyr som utvalt naturtype (Moen et al. 2011) er det primært tre myrtypar som vert inkludert: terrengdekkjande myr (i snever oppfatning), atlantisk høgmyr og kanthøgmyr. Dessutan vert planmyr inkludert i oseaniske område. Alle desse er avhengige av eit nedbørrikt klima. Oseanisk vert i denne samanhengen nytta om eit område med naturtypar som er avhengige av eit klima med mykje nedbør, relativt mild vinter og kjøleg sommar (sterkt og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O3 og O2) hjå Moen (1998)).

Terrengdekkjande myr (frå Moen et al. 2011)

Terrengdekkjande myr vert i streng oppfatning nytta om myrmasiv dominert av ombrotrofe parti som dekkjer terrenget som eit teppe. Myrane er hovudsakleg danna ved forsumping, og ombrogen torv dekkjer kuplar, platå og skråningar (meir enn 3 graders helling) over mineraljorda. Typisk for terrengdekkjande myr er at torva er sterkt omsett (humifisert). Terrengdekkjande myr har ofte tynn torv, og minerotrofe parti førekjem spesielt i forsenkingar som erosjonsfurer og liknande. Bakkemyr inngår vanlegvis i tilknytning til høgareliggjande terrengdekkjande myr, og ekstremt fattige bakkemyrar med rikeleg innslag av lyngvekstar og låge busker dannar overgangstypar. Store areal av terrengdekkjande myr er danna ved utvikling frå tidlegare bakkemyr. Innanfor myrmasivet til ei terrengdekkjande myr skal det etter den strenge definisjon være meir enn 80 % ombrotrof vegetasjon.

Atlantisk høgmyr (frå Moen et al. 2011)

Atlantisk høgmyr har ein eller fleire kuplar bygd opp av ombrogen torv, vanlegvis i eit ope myrlandskap der det er glidande overgangar mellom høgmyr-massiv og andre myrtypar. Avgrensingsproblema heng saman med at forsumping ikkje berre føregår i flatt terreng, men også i område med betydeleg helling. Vanlegvis finn ein ei veksling mellom atlantisk høgmyr og terrengdekkande myr, og det er ikkje mogeleg å trekke tydelege grenser. Samanlikna med andre typar høgmyr, manglar atlantisk høgmyr kantskråning (kantskog) og lagg. Kvelvinga kan vere svak. Atlantisk høgmyr vert dominert av tuevegetasjon der røsslyng og torvull (*Calluna vulgaris*, *Eriophorum vaginatum*) ofte er heilt dominerande artar i feltsjiktet, og torvmosar og heigråmose (*Sphagnum* sp., *Racomitrium lanuginosum*) er vanlegast i botnsjiktet. Dei ombrotrofe partia er som vanleg artsfattige, men det er forskjellar i vegetasjonen (bl.a. dominansforhold) som kan sjåast både i lokal og regional samanheng. Ofte fins det parti i kantane med høg produksjon der dei nemnde artane er høgvakne, og der det er svært tungt å gå. Andre utformingar av atlantisk høgmyr har utbreidd erosjon, der erosjonsfurer med naken torv vekslar med store tuer dominert av heigråmose. I tillegg til problem med avgrensing mot planmyr, er det òg problem mot terrengdekkande myr og platahøgmyr.

Planmyr (fra Moen et al. 2011)

Dette er ombrotrofe myrmasiv utan skikkeleg kvelving, ofte med tynn torv, og der det førekjem små minerotrofe parti mellom dei dominerande ombrotrofe partia. Planmyr vart i arbeidet med myrreservatplanen nytta som ein "samlesekk" for ombrotrofe myrar som ikkje umiddelbart let seg klassifisere til høgmyr eller terrengdekkande myr. Mange av planmyrene er i utvikling mot høgmyr, og det kan vere mange grunnar til at dei ikkje er utvikla til klar høgmyr, for eksempel at myrane er unge, eller at veksten i torva har vore liten. Dette siste kan henge saman med at dei førekjem i høgareliggande område, mens typisk høgmyr berre er utvikla i låglandet. Ved varmare klima kan planmyrar utvikle seg raskare til høgmyr. Planmyr i dei oseaniske områda (sterkt og klart oseanisk vegetasjonsseksjon) tilhøyrer oseanisk nedbørsmyr, men ut frå morfologi og hydrologi har ein ikkje klart å finne klare kriterium for å skilje mellom oseaniske og meir kontinentale typar.

I DN-handboka frå 1999 blei det valt ut seks naturtypar under myr, inkludert ein sekkepost nemnd som "Inntakt lavlandsmyr". Denne typen omfatta alle myrtypar i låglandet i Sør Noreg utanom "Inntakt høgmyr", "Terrengdekkande myr" og "Rikmyr". I forbindelse med revisjon av DN-13 handboka (2006) blei ein ny naturtype introdusert; A08 Kystmyr. "Kystmyr" omfatta fleire inntakte myrtypar i ytre kyststrøk og andre oseaniske strøk (hovudsakleg O3-seksjonen). Typen omfatta både velutvikla terrengdekkjande myrar, atlantisk høgmyr, jordvassmyr og blandingsmyrar mellom nedbørsmyr og jordvassmyr.

1.3 Avgrensingar mellom naturtypane

Dei mest relevante avgrensingane i samband med utgreiinga av dei to naturreservata er grensene mellom T5 kystlynghei, T4 Kulturmarkseng og V6 Åpen myrflate. Det føreligg fleire forslag til avgrensingar mellom desse naturtypane som i varierende grad er utgreia.

Fremstad (1997) foreslår at "vegetasjon i kystsona der lynginnslaget er tydeleg skal først til kystlynghei (gruppe H), mens typar/ utformingar som er heilt dominert av gras og urter vert ført til gruppe G Kulturbetinga engvegetasjon. Avgrensingane mellom fastmarkstypane kystlynghei og beite- og slåttemark er i hovudsak eit fysiognomisk skilje, der kystlynghei er dominert av lyngartar medan kulturmarkseng er dominert av gras og urter".

Denne avgrensinga vert seinare gjentatt i NiN som gir følgjande kommentar til avgrensing mellom kystlynghei og kulturmarkseng (www.artsdatabanken, avgrensingskommentar 42): *Skiljet mellom kulturmarkseng (beite- og slåttemark) på den eine sida og kystlynghei (og boreal hei) på den andre sida er eit fysiognomisk skilje (skilje mellom naturtypar med forskjellig utsjånad). Engprega kulturmarkseng vert dominert av grasvekster (graminidar) og urter, heiprega natur (kystlynghei og boreal hei) vert dominert av lyngartar, først og fremst røsslyng (*Calluna vulgaris*), men også klokkeling (*Erica tetralix*), purpurling (*E. cinerea*), krekling (*Empetrum nigrum*) og dvergbjørk (*Betula nana*) og stadvis mjølbear (*Arctostaphylos uva-ursi*), tyttebær (*Vaccinium vitis-idaea*) og blokkebear (*V. uliginosum*).*

Ei slik avgrensing kan vere problematisk i høve til kystlynghei i aktiv skjøtsel som gjerne har stor dominans av gras og urter dei første åra etter lyngsviing (pionerfasen). Avgrensingane kan også vere vanskelege mellom fukthei, som ofte har mindre lyngdekke, og fukteng. I NiN-systemet har det blitt tatt omsyn til dette, slik at både tidlegare og noverande skjøtsel har betydning for fastsetjing av naturtype: *Det er ein distinkt forskjell mellom kystlynghei og kulturmarkseng med omsyn til hevdform; kystlyngheia vert kjenneteikna av eit komplekst hevdregime der lyngsviing, heilårsbeite og slått har vore viktige element* (www.artsdatabanken; avgrensingskommentar 42).

Det er derfor viktig at ein innhentar kunnskap om arealbruken på staden, slik at lynghei i pionerfasen vert klassifisert som kystlynghei sjølv om lokaliteten er dominert av gras og urter. Vidare har tidlegare drift stor betydning for vegetasjonssamansetjing i lang tid etter at drifta har opphøyr. Det kan ofte vere svært vanskeleg å verifisere tidlegare lyngsviing utan dokumentasjon av kolrestar i torvprofilen.

Avgrensing mellom myr og kystlynghei/kulturmarkseng følgjer grensa mellom våtmark og fastmark i NiN, der myr er definert som eit areal der torvakkumulering føregår slik at torvdjupna overgår 30 cm. Det er likevel opna opp for at areal med tynnare torvlag kan klassifiserast som myr. Dette kan førekomme i høgareliggjande strøk og i hellande terreng på kysten. Det er då ein føresetnad at arealet er dominert av myrartar. Det er behov for å avklare kva artar som skal inkludert i omgrepet "myrart" i ei slik avgrensing (Halvorsen & Moen 2013). Avgrensingar mellom naturtypar er i stor grad glidande, og ettersom ein ikkje har gode skiljeartar på overgangen mellom fukthei og myr med stor røsslyngdominans, kan skiljet mellom desse typane vere vanskeleg å fastsette i felt når ein ikkje måler torvdjupna.

Avgrensing mellom myr og kystlynghei/kulturmarkseng følgjer i NiN dessutan grensa mellom naturmark og kulturmark. Kystlynghei/kulturmarkseng er kulturmark, dvs. vegetasjonssamansetninga er betinga av langvarig kulturpåverknad. Myr er derimot naturmark sjølv om myra kan ha vore kulturpåverka (t.d. ved slått eller beite), men graden av kulturpåverknad er ikkje like sterk og har ikkje endra artssamansetjinga, sjølv om dekningsgraden er påverka. Ein bør derfor kunne klassifisere ein lokalitet til kystlynghei sjølv om torvdjupna overgår skiljet mellom fastmark og myr, dersom artsamansetjinga er kulturbetainga og har vore hevda ved beiting og regelmessig lyngsviing i lang tid. Det å setje eit absolutt skilje mellom fastmark og våtmark på 30 cm, uavhengig av kulturpåverknad over tid, synest noko kunstig og vil forhåpentlegvis bli retta opp når ein no skal revidere NiN-systemet. Det vert elles synt til drøftingane i forbindelse med utarbeiding av NiN-systemet når det gjeld avgrensingsproblematikken mellom naturmark og kulturmark (Halvorsen et al 2008, D3d)



Figur 1.3. Kystlynghei, terrengdekkjande myr eller stadvis kanskje også fukteng? Enkelte stadar vekslar naturtypane på ein så fin romleg skala og går så inn i kvarandre, at det er vanskeleg å finne ei god avgrensing. Bildet er frå Nordre Nærøyane.

2. Gåsøy naturreservat

I tråd med lova om naturvern vart Gåsøy freda som naturreservat ved kgl.res. av 20. desember 1991. Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig marint gruntvassområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv, særleg med omsyn til området sin verdi som trekk- og overvintringslokalitet for våtmarksfugl og som typeområde for atlantisk lynghei. I skildringa av reservatet i Miljøstatus for Sogn og Fjordane heiter det mellom anna: *Eit marint gruntvassområde, som fungerer som trekk- og overvintringslokalitet for våtmarksfugl. Øyane og holmane har også funksjon som hekke- og rasteplass for fleire fugleartar, særleg grågås. Til saman er det registrert rundt 90 fugleartar, av desse om lag 50 våtmarksfuglar. Gåsøy har tidlegare vore freda som egg- og dunvær, og det var eit gardsbruk på øya.*

2.1 Status

Gåsøy ligger i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk, vintermild underseksjon (O3t) (Moen 1998). Berggrunnen består av sandstein (www.ngu.no). Normal årsnedbør for vørstasjonen på Kinn er 1810 mm og middeltemperatur for året er 6,9 °C. Gåsøy ligg nord i Hellefjorden midt mellom fastlandet og Hovden. Øya har eit areal på 230 daa inkludert areal ned til og med nedre lågvasstand. Det er ikkje funne opplysningar om busetnad på øya verken ved folkjetellinga i 1865 eller i 1910 (www.digitalarkivet.no). Øya kan i periodar ha vore i bruk som ei øyseter med berre sommararbeite, men ho kan også ha vore i bruk som heilårsbustad i periodar. Når bruken tok slutt er ikkje kjent.



Figur 2.1. Både våningshuset og dei andre bygningane frå den siste busettinga på Gåsøy har i dag rasa saman.



Figur 2.2. Flyfoto der naturtypene er avgrensa som polygon og merkt med eit ID-nummer. Sjå vedlegg 2 for klassifiseringar av naturtypar. Flyfoto frå Norge i Bilder.

2.1.1 Kystlynghei

Vegetasjonen på Gåsøy er dominert av ein mosaikk mellom naturtypene T5 Kystlynghei, grunnstype kalkfattig kystfukthei (T5-2) og V6 Åpen myrflate, hovudsakleg grunnstype kalkfattig myrflate-tue (V6-4) (figur 2.4, figur 2.5) (K2 Fattig tuemyr etter Fremstad (1997)). Mosaikken mellom desse to naturtypene dekkjer heile den sentrale delen av øya bortsett frå ei lita myrflate og den tidlegare innmarka (figur 2.2). Utbreiinga av mosaikkfiguren er avgrensa av polygon ID 31. Myrtypen har størst utbreiing i mosaikkfiguren, men torvdjupne vart ikkje målt. Det er derfor ikkje hensiktsmessig å skilje ut desse naturtypene i eigne polygon på grunn av mangel på gode skiljeartar. Overgangen mellom typene er flytande og dei er artsmessig svært like. Generelt er det ein større tendens til byrjande etablering av tresjikt i fuktheia. All kystlynghei i reservatet er sterkt degenererande, men det er framleis nokså lite oppslag av lauvtre over store delar av øya. Behovet for skjøtsel av kystlyngheia er likevel stort då røsslyngen er svært gamal og forveda.

Fukthei førekjem først og fremst i dei austre delane av øya, på høgdedraga og ut mot strandberga, og går over til myr i forsenkingar og djupare parti der torvakkumuleringa har vore størst. Som vegetasjonsutforming er fuktheia lite typisk, men stadvis er den noko utvikla i retning av H3f Bjønnsjeggutforming. Fuktheia på Gåsøya har svært mange artar til felles med fattig tuemyr, og både torvull og duskull (*Eriophorum vaginatum*, *E. angustifolium*) utgjør ein viktig del av vegetasjonssamansetjinga. Det vart elles registrert få artar ved synfaring. Røsslyng, blokkebær, storbjønnskjegg, bjørk og øyrevier (*Calluna vulgaris*, *Vaccinium uliginosum*, *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, *Betula pubescens*, *Salix aurita*) er dei mest vanlege artane. Det er generelt få urter i vegetasjonen, men artar som tepperot og kystmaure (*Potentilla erecta*, *Galium saxatile*) kjem stadvis inn der botnsjiktet opnar seg opp. Noko rogn (*Sorbus aucuparia*) er også i ferd med å etablere seg. Feltsjiktet er svært høgt og tuete.



Figur 2.3. På høgdedrag og grunnare parti ned mot sjøen, som her, går myr over i kalkfattig kystfukthei utan at vegetasjonssamansetjinga i vesentleg grad vert endra.

Busettingshistoria og bruken av øya som utmarksbeite har påverka vegetasjonssamansetjinga. Intensiv beiting reduserer torvakkumulering, det same gjer aktiv skjøtsel av lyngheia ved regelmessig lyngsviing. Ved opphør av bruk vil torvakkumulering auke, og føre til at fukthei etter kvart kan gå over til fattigmyr og at parti med fattigmyr kan gå over til ombrotrof myr. Det er truleg denne prosessen som er iferd med å skje på Gåsøy som følgje av store nedbørsmengder og at tidlegare hevd har tatt slutt. Det er ikkje kjent om Gåsøy har vore skjøtta som lynghei ved regelmessig lyngsviing.

I nærleiken av nokre små plantefelt av sitkagran (*Picea sitchensis*) kan ein sjå at arten er i ferd med å spreie seg til kystlynghei (figur 2.12). Nokre få individ har greidd å etablere seg, og sjølv om dei er ganske vindslitne kan dei etter kvart greie å setje konglar slik at ein frå ytterlegare spreining av sitkagran på øya.



Figur 2.4. Fuktheia på Gåsøy er lite typeutvikla vegetasjonsmessig, men fell stadvis saman med ei bjønnskjeggutforming (H3f etter Fremstad 1997). Innslaget av myrartar er svært høgt samtidig som innhaldet av urter er lågt, og det kan delvis vere vanskeleg å avgjere om vegetasjonen skal klassifiserast som kystlynghei eller ikkje på bakgrunn av definisjonane i NiN.

2.1.2 Myr

Myrtypen V6 Åpen myrflate, hovudsakeleg grunntype kalkfattig myrflate-tue (V6-4) har størst utbreiing i mosaikkfiguren avgrensa av polygon 31 (figur 2.2). Sjå elles vedlegg 2 for fordeling mellom dei ulike NiN-typene. Det er ikkje hensiktsmessig å skilje ut myr og kystlynghei i egne polygon på grunn av mangel på gode skiljeartar. Torvdjupne vart ikkje målt. Ombrotrofe parti i myra førekjem berre i liten grad der torva er på det djupaste. Også denne overgangen er vanskeleg i kystmyr på grunn av at mange artar som elles berre førekjem i jordvassmyr også kan førekomme i nedbørsmyr på grunn av høgare innhald av ulike metallion i nedbør. I skildringa av lokaliteten i Miljødata for Sogn og Fjordane vert det antyda mogeleg førekommst av kystmyr/terrengdekkande myr. Ombrotrofe parti vart ikkje registrert i noko særleg grad på synfaringa, så dette kan derfor ikkje klassifiserast til terrengdekkjande myr etter den strenge definisjonen (jf. Kap 1). Artar som rogn, tepperot og til ein viss grad duskull veks ikkje ombrotroft, med unntak av duskull som kan førekomme på eroderte parti i oseaniske (og sørlege?) myrar (Moen et al. 2011). Det er først og fremst den spreidde førekommsten av desse artane, saman med at myra ikkje er terrengdekkjande, som er grunnlaget for at myrtypen blir klassifisert som hovudsakleg V6-4.



Figur 2.5. Fattigmyr dekkjer stadvis store deler av Gåsøy indikert av førekommst av duskull. Myra er artsfattig og vekslar med naturtypen kalkfattig kystfukthei.

Ei lita flatmyr vart avgrensa ved synfaring (figur 2.2, (ID.1)) og klassifisert til naturtype V6-8 Åpen myrflate (grunntype: intermediær myrflate-fastmatte) (figur 2.6). Lokaliteten har truleg opphav i eit tidlegare grunt tjern. Trådstorr og flaskestorr (*Carex lasiocarpa*, *C. rostrata*) er dei dominerande artane, stadvis saman med duskull. Elles fins bukkeblad og myrhatt spreitt (*Meyanthes trifoliata*, *Comarum palustre*). I vest går myra over i ei open vassflate med innslag av noko vassvegetasjon der det førekjem både gul- og kvit nykkerose (*Nuphar latea*, *Nymphaea alba*) (figur 2.7).



Figur 2.6. Nokså sentralt på øya finn ein ei lita flatmyr, truleg danna ved gjengroing av eit grunt tjern.



Figur 2.7. I nedre enden av flatmyra er det framleis eit ope vasspeil med vassvegetasjon, og her finn ein både gul- og kvit nøkkerose.

2.1.3 Grasmark

I tilknytning til den tidlegare busetnaden på øya blei det registrert noko kulturmarkseng. Fleire engtypar inngår, men i hovudsak er dette fukteng. Heile den tidlegare setervollen/innmarka er prega av aukande gjengroing. Av engtypar dominerer G3 Sølvbunkeeng i veksling med G4 Frisk fattigeng og G12 Våt/fuktig middels næringsrik eng, der mellom anna arten hanekam (*Lychnis flos-cuculi*) kjem inn. I NiN tilsvarer dette T4-6 svak lågurt-kulturmarksfukteng, T4-7 lågurt-kulturmarksfukteng og delvis også T4-5 kulturmarksfuktrye. Heiartar er i ferd med å etablere seg på innmarka, men i mindre grad der sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*) dominerer. Fleire innførte artar førekjem i lokaliteten, mellom anna sitkagran, kaprifol og platanlønn (*Picea sitchensis*, *Lonicera caprifolium*, *Acer pseudoplatanus*). Gjengroinga skjer først og fremst frå rogn, bjørk og

platanlønn. Sitkagran ser førebels ikkje ut til å spreie seg i stor grad på den tidligare innmarka. Ved hustuftene fins òg ein liten bestand av sverdlilje (*Iris pseudacorus*).



Figur 2.8. Restane av den tidligare busetjinga er i dag i ferd med å forsvinne i eit kratt av rogn og bjørk.



Figur 2.9. Delar av den tidligare innmarka er framleis open. Her finn ein ei veksling mellom sølvbunkeenger og friske fattigenger. På meir næringsrike parti kjem englodnegras, engsoleie, engsyre og vendelrot inn (*Holcus lanatus*, *Ranunculus acris*, *Rumex acetosa* og *Valeriana sambucifolia*).

2.2 Skjøtselsbehov

Skjøtselsbehovet må vurderast i høve til den framtidige målsetjinga for reservatet. Ønskjer ein å ta vare på dei kulturbetinga naturtypane på øya, er det viktig å reetablere noko av det tidlegare skjøtselsregimet. Dette vil på sikt kunne auke verdien av området for sjøfugl. Dersom ein vel å ikkje setje i gang skjøtsel, er det truleg at delar av vegetasjonen vil utvikle seg i retning av eit ombrotroft myrkompleks. I begge desse perspektiva er det naudsynt at framande artar som sitkagran og platanlønn vert fjerna frå reservatet ved hogst. Overvaking av gjenvekst frå desse artane bør deretter setjast i verk.

Dersom skjøtselsperspektivet vert lagt til grunn, må ein legge opp til ein langsiktig og kontinuerleg skjøtsel som inkluderer både beiting, lyngsviing, mekanisk fjerning av problemartar og svartlista

artar, samt oppfølging av tiltaka. Det vil vere særleg viktig å få på plass eit beiter regime for å lukkast med desse tiltaka, sjå kapittel 3.2 angående anbefalingar kring beitetrykk. Beiting bør normalt skje med eit beitetrykk tilpassa tidlegare bruk (jf kap. 3.2), men det er ikkje registrert omsynskrevjande karplantar på øya, og ein kan såleis forsvare intensive avbeitingar over kortare periodar. Ei slik avbeiting kan sjåast i samheng med eventuell etablering av beite på Nordre Nærøy. Føremålet med beitinga vert då først og fremst å hindre gjengroing for å bevare lokaliteten som hekkeplass for sjøfugl.


Det fins fleire beiter regime som kan vere aktuelle. Heilårsbeiting med gammal norsk sau, gjerne i kombinasjon med kystgeit, er nok det mest ønskelege alternativet ettersom desse husdyrslaga er kjent for å beite både røsslyng og lauvkratt. Dette er i tillegg lette dyr som ikkje vil medføre store trakkskadar i dei fuktige partia på øya. Dersom det ikkje let seg gjere å etablere heilårsbeiting, vil likevel beiting med desse husdyrslaga frå vår til haust vere eit godt alternativ. Storfe og nokon av dei meir foredda sauerasane prefererer i større grad grasareal enn kystlynghei, og vil såleis ikkje vere så gode skjøttarar av kystlyngheia (Bokdam & Gleichman 2000, Fraser et al. 2009, Nedkvitne et al. 1995).

Det vert ikkje anbefalt lyngsviing før det er etablert avtale om beiting på øya, då sviing utan etterfølgt beiting kan føre til auka gjengroing. Det er allereie såpass mykje lauvskogskratt på øya, at ein kan vente at lauvskogsartane er godt representerte med frø i det øvste jordsmonnet (frøbanken). Ved sviing vert denne frøbanken eksponert, og dersom ein ikkje har beitedyr tilstades vil desse artane kunne etablere seg i sviflatene.

Dersom det let seg gjere å reetablere eit beiter regime på øya, bør ein på førehand ha komme i gang med lyngsviing for å forbetre dagens beiteverdi på lokaliteten. Ved å svi av gammal røsslyng, vil ein få fram eit vegetasjonsdekke med meir gras og urter (pionerfase i lyngheisyklusen), der ung røsslyng etterkvart etablerer seg. Ei betring av beitet vil vere viktig for å sikre at naudsynte dyreetiske omsyn vert ivareteke. Målsetjinga med skjøtselen i reservatet kan med fordel rettast inn mot å skape ein vegetasjonsstruktur som er optimal for eit tal fugleartar som har hekka eller kan tenkjast å hekke på øya. Medan mange sjøfuglartar føretrekkjer eit lågt feltsjikt til reirplass, nyttar andre artar gjerne ein einerbusk eller noko grov lyng som skjul. Ein bør såleis sjå til at skjøtselen blir lagt opp slik at ein sikrar vekslingar mellom kystlynghei i ulike aldrar (vekstfasar, jfr. lyngheisyklusen), inkludert enkelte områder i tidleg gjengroingsfase (degenererande lynghei med oppslag av noko kratt). Dersom det etablerer seg hekkande fugl som kan bli skadelidande av lyngsviing (t.d. havørn), må ein ta omsyn til desse reirplassane ved framtidig lyngsviing.


For å oppnå ein variert vegetasjonsdynamikk må ein dele opp kystlyngheia i delområder og svi av desse over nokre år (Gimingham 1992, Norderhaug et al. 1999). Sviing av prøveflater vil kunne gi ein peikepinn på kva slags artar som kjem opp etter sviinga, og kor rask regenereringa er. I ei slik oppfølging skal ein særleg merke seg kva slags regenereringsstrategi røsslyngen nyttar, då dette i stor grad er med på å styre gjenveksthastigheita til vegetasjonen. Eit studie av regenereringsdynamikk etter sviing i fukt- og tørrhei i fem kystlyngheilokalitetar langs ein 340 km nord-sør gradient her til lands illustrerer dei store skilnadane i gjenveksten til røsslyng (figur 2.10). Her ser ein at det er variasjonar både mellom lokalitetar og mellom dei to vegetasjonstypene. Det er den sørlegaste lokaliteten i dette studiet som har den høgaste dekninga av røsslyng første år etter sviing, og dette er også den einaste lokaliteten med god gjenvekst frå rotskot (vegetativ vekst). Noko uventa er det tørrheia i den nordlegaste lokaliteten som har høgast dekke etter 3 år, til tross for at all gjenvekst her berre kjem frå frøspirar (Velle et al. 2012).

Vidare er det viktig å sjå etter problemartar som einstape (*Pteridium aquilinum*) og lauvskogsartar, samt svartlista artar som platanlønn og sitkagran innanfor dei avsvide prøveflatene. Eit forslag til eit forenkla sviregime for Gåsøy kan vere å dele lyngheia inn i fem delar, og svi av desse delane over ein tidsperiode på 15-20 år. Ein bør starte sviinga i områda der gjengroinga har kome lengst. Dei svidde flatene må så følgjast opp, og mekaniske tiltak må settast i verk om naudsynt for å fjerne problemartar som kjem opp. Fuktheia på Gåsøy har eit nokså stort innslag av tuer av torvull og bjønnskjegg, og for at desse tuene skal bli godt svidde, vil det vere ein fordel med nokre dagar med tørt vør før lyngsviinga.



Figur 2.10. Dekninga av røsslyng etter ein 8-graders modifisert Hult-Sernander-Du Rietz skala frå regenereringsstudie i kystlyngheiar langs ein 340 km nord-sør gradient. Tørrhei er markert med trekantar og stipla linje, fukthei har sirkclar og heiltrukken linje. Dei fem studerte kystlyngheiene, Lygra (Lindås), Aursnes (Ulstein), Nerlandsøy (Herøy), Kuli/Lamøya (Smøla), Tarva (Bjugn) er fargekoda frå svart i sør til kvit i nord. 0 = fråverande, 1 = 0-1%; 2 = 1-3.125%; 3 = 3.125-6.25%; 4 = 6.25-12.5%; 5 = 12.5-25%; 6 = 25-50%; 7 = 50-75%; 8 = 75-100%.

Ved sviing på Gåsøy kan det bli vanskeleg å få fjerna det tjukke botnsjiktet av mosar og strø som har utvikla seg under den gamle lyngen. Dette botnsjiktet vil kunne gjere at gjenveksten av vegetasjonen vert noko seinare enn ved sviing av yngre lyng. Særleg frøspirar av røsslyng vil bruke meir tid for å komme fram. Det er likevel venta at botnsjiktet vil minke i omfang etter kvart som lyngheia vert beita og ein får repetert sviinga. I eit studie av regenereringsdynamikk på Tarva i Bjugn kommune, vart vekstratar i ung og gammal fukthei samanlikna, og gammal tørrhei blei inkludert som referanse (Velle et al. 2012). Medan den unge lyngheia var 8 år ved sviing, var den gamle lyngheia meir enn 50 år. Resultata frå dette studiet syner at gjenveksten av røsslyng er raskare i den unge fuktheia enn i den gamle (figur 2.11), og ein del av forklaringa til dette ligg i ei høgare dekning av mose og lav før sviing i gammal fukthei, med ei påfølgjande høgare dekning av strø (dødt materiale) etter sviing (Velle et al. 2012).



Figur 2.11. Dekninga av røsslyng i prosent etter ein 8-graders modifisert Hult-Sernander-Du Rietz skala frå regenereringsstudie i kystlynghei på Tarva i Bjugn kommune. Fukthei er markert med sirkclar og tørrhei med trekantar, ung hei med stipla linje og gammal hei med heiltrukken linje. Symbol med same farge innanfor eit år er ikkje signifikante forskjellege frå kvarandre, svarte og kvite symbol er signifikante forskjellege, gråe symbol er ikkje signifikante forskjellege frå verken kvite eller svarte symbol.

Det vil vere naudsynt å fjerne både enkelte busker og tre manuelt i reservatet. Ein treng ikkje fjerne alt av busker og kratt, for dette er gode mikromineral-kjelder for beitedyra (Thorvaldsen &

Garmo 2012). Ein skal likevel vere merksam på at busker og tre forsyner frøbanken med frø, og at omfanget av desse gjengroingsartane bør haldast nede. Fjerning av busker og kratt utan tilstrekkeleg beitetrykk etterpå kan forverre gjengroingssituasjonen grunna vegetativ gjenvekst rundt avsaga stammar. Ulike husdyrslag beiter ulikt på dei forskjellige artane av busker og kratt, og kystgeit og gammal norsk sau er eksempel på husdyr som generelt sett har gode beitepreferansar på fleire av lauvskogartane. Dersom det er vanskeleg å få til tilstrekkeleg beitetrykk på øya, kan ringbarking av tre vere eit alternativ til hogst.



Figur 2.12. Sitkagran er i ferd med å spreie seg på øya, men framleis er omfanget av mindre grad. I framkant ein liten førekomst av naturtypen øvre strandeng. Beiting er også viktig for å ivareta denne naturtypen. Utan beiting veks strøsjiktet i enga, noko som reduserer vassdampinga slik at saltkonsentrasjonen i jorda blir redusert og mindre salttolerante artar kan komme inn og etablere seg.

Ein skal også ta særleg omsyn til spreining av einstape i sviflatene. Denne arten er observert på Gåsøy, men framleis ikkje i noko stort omfang. Einstape er rask til å etablere seg i svidde flater, og er allereie å finne første sommar (seinsommar-haust) i svidd kystlynghei. Dersom denne arten spreier om seg, bør ein så tidleg som mogeleg setje i gang mekaniske tiltak for å halde utbreiinga under kontroll. Det vert anbefalt å slå einstapen fleire gongar i løpet av sommaren (Norderhaug et al. 1999, s. 62), i alle fall to gongar (Ekelund & Måren 2003, Måren & Ekelund 2005). Slåttetidspunktet er viktig for å få best mogeleg effekt, og dette er om lag midt i juni, rett etter at blada har falda seg ut eller er i ferd med å falde seg heilt ut (Ekelund & Måren 2003, Måren & Ekelund 2005, Norderhaug et al. 1999, s 62). På dette tidspunktet er næringsstoffa på veg opp frå rota, og venter ein for lenge får næringsstoffa tid til å trekke seg ned i rota igjen. Ein andre slått bør vere om lag 6 veker etter første slått (Ekelund & Måren 2003, Måren & Ekelund 2005). Dersom ein berre har høve til ein slått, bør dette skje i juli og i minst 4-5 år. Einstapen bør fjernast etter slått, eller leggast i haugar (det tek tid før dette strøet vert brote ned, og dette kan derfor hemme gjenvekst av gras og urter) (Ekelund & Måren 2003, Måren & Ekelund 2005).

3. Nærøyane naturreservat

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, § 9 og § 14, 2. ledd, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23, er eit våtmarksområde ved Nærøyane i Flora kommune, Sogn og Fjordane fylke, freda som naturreservat og fuglefredingsområde ved kgl.res. av 20. desember 1991 under namnet Nærøyane naturreservat og fuglefredingsområde. Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig skjergards- og gruntvassområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv, særleg med omsyn til den store verdien området har som trekk- og overvintringslokalitet for våtmarksfugl og som typeområde for atlantisk lynchhei.

3.1 Status

Nordre Nærøy ligg i Hellefjorden rett nord for Florø sentrum i Flora kommune. Øya tilhøyrer ei øygruppe beståande av eit fåtal små og noko større øyer. Nordre Nærøy er blant dei største i denne øygruppa. Øya ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk, vintermild underseksjon (O3t) (Moen 1998). Normal årsnedbør for værstasjonen på Kinn er 1810 mm, og middeltemperatur for året er 6,9 °C. Berggrunnen består av sandstein (www.ngu.no). Øya er til saman 707 daa inkludert sjøareal ned til nedre lågvannstand. I tillegg høyrer Litleøynane til reservatet, med eit areal på 156 daa. Vegetasjonssamansettinga på øya er sterkt forma av tidligare bruk, og framleis er det tydelege spor etter den tidlegare drifta. Utmarksgarden er delvis intakt og det fins òg restar av ein tidlegare gardfjøs i tilknytning til denne. I det tidlegare tunet er det restar etter fleire bygningar, der det som ein gong var av byggematerialar i stor grad er fjerna eller rotne vekk. Til saman vitnar desse kulturspora om ei omfattande drift. Ettersom ein finn ein gardfjøs i tilknytning til utmarksgarden indikerer dette at hald av storfe har vore sentralt.



Figur 3.1. Frå tuftene på Nordre Nærøy

Øya var busett ved folketeljinga i 1865 og i 1910 (www.digitalarkivet.no). Frå folketeljinga i 1865 finn ein opplysningar om at det då var ein hest, 6 storfe, 12 sau og ein gris på Nordre Nærøy, og at det vart dyrka både havre og potet. Øya var då busett av ein familie med to små born. I 1910 var øya busett av ein familie med 6 born og ei kårkone. Familien livnærte seg ved gardsdrift, men det føreligg ikkje opplysningar om driftsomfang ved denne teljinga. Det er ikkje kjent kva tid garden vart fråflytta.



Figur 3.2. Restane av den tidlegare gardfjösen



Figur 3.3. Naturtyper (NiN) på den nordre delen av Nærøyane naturreservat. Grunnlagskart er henta frå Norge i bilder.

3.1.1 Kystlynghei

Kystlyngheia på Nærøyane er meir artsrik enn det ein finn på Gåsøy, men ingen sjeldsynte artar vart registrert ved synfaringa. Artssamansetjinga er dominert av lite næringskrevjande artar som røsslyng, blokkebær, torvull, duskull og storbjønnskjegg, men ein finn òg smyle (*Avenella flexuosa*), sølvbunke, blåtopp (*Molinia caerulea*) og tepperot. Delar av hei- og grasmarkvegetasjonen på dei indre delane av øya ber preg av gjengroing, og då særleg av bjørk, rogn og furu (*Pinus sylvestris*) (figur 3.4, figur 3.5). Ein finn òg eit godt innslag av blåbær (*Vaccinium myrtillus*). Området lengst aust, avgrensa av polygon 62 (figur 3.3), vart ikkje synfart grunna knappheit på tid, men blei frå avstand vurdert til å skilje seg lite frå dei andre delane av øya. Samanlikna med Gåsøy er førekomsten av røsslyng svært sparsam. Dei viktigaste fuktheiutformingane er H3a Røsslyng-blokkebærutforming og H3f Bjønnskjeggutforming. Ned mot øvre strandberg og inn mot den tidlegare innmarka går lyngartane ut og fuktheia går over i grasmark.



Figur 3.4. Utsyn mot dei vestre delane av øya. Kystlyngheia er dominert av fukthei der røsslyng førekjem meir sporadisk i veksling med andre lyngartar som blokkebær og blåbær.



Figur 3.5. Utsyn mot dei søraustre delane av reservatet. Kystlynghei går over til fattigmyr i forsenkingar i terrenget og grasmark på dei høgste høgdedraga.



Figur 3.6. Fuktheia er dominert av bjønnskjegg- og blokkebærutformingar. Førekomsten av røsslyng er sparsam i begge utformingane.



Figur 3.7. Einstape førekjem fleire stader i kystlyngheia i reservatet. Dette er problemart ved skjøtsel av kystlyngheia og omsynskrevjande i høve vurdering av skjøtselstiltak.

3.1.2 Myr

Sentralt på øya finn ein eit lite myrparti i ei større forsinking (figur 3.3, ID 12). Vegetasjonssamansetjinga indikerer nedbørsmyr og ein kan ane ei svak kvelving langsetter dei sentrale delane av lokaliteten. Lokaliteten vart klassifisert til atlantisk høgmyr. Fleire grunntypar i NiN-systemet inngår i myrkomplekset, sjå vedlegg 3. I øvre og austre delar er det utvikla noko lag. Myrkomplekset strekkjer seg vidare oppover i svakt hellande terreng både mot aust og mot vest (polygon 60 og 26 (figur 3.3)), og inkluderer parti med V6-4 Kalkfattig myrflate-tue og V6-5 Kalkfattig myrflate-fastmatte (begge desse inngår i K3 Fattig fastmattemyr etter Fremstad 1997).

I dei vestre delane av øya (figur 3.3; ID 26) er topografien sterkt vekslende og innhaldet av røsslyng aukar, slik at ein får ein mosaikk mellom dei kalkfattige myrtypene og parti med fukthei. Også i dei austre delane av øya vekslar hei- og grasmarkvegetasjonen med fattigmyr ved aukande torvdjupne, først og fremst på flater og forsinkingar i terrenget (figur 3.5). Den mest vanlege myrtypen i desse områda er klassifisert som V6-5 Kalkfattig myrflate-fastmatte etter NiN (K3 Fattig fastmattemyr etter Fremstad 1997). Hellingsgraden er stort sett liten, men kan overgå 3° innimellom.



Figur 3.8. Utsnitt av lokaliteten med atlantisk høgmyr i reservatet. Ein kan spore ein svak kvelving.



Figur 3.9. Ombrotroft parti frå den sentrale delen av myrkomplekset.

3.1.3 Grasmark

Mot sjøkanten og spesielt på den smale landtunga mot nord er det mykje grasmark (figur 3.3). Elles finn ein spreidde førekomstane av eng i tilknytning til høgdedrag. Viktigaste NiN-type er T4-6 svak lågurt-kulturmarksfukteng med overgang til T4-2 svak lågurt-kulturmarkseng på dei tørrare høgdedraga. Desse engfragmenta har truleg opphav i den tidlegare drifta og fins i dag der ein har fått ei viss oppgjødsling frå beitedyr og/eller sjøfugl. Etter Fremstad (1997) tilsvarer dette G3 Sølvbunkeeng, G4 Frisk fattigeng og med innslag av G12 Våt/fuktig middels næringsrik eng. Gjengroinga er låg på den nordlege landtunga, men strøsjiktet er ganske tjukt og det ser ut til at det er lenge sidan øya vart beita. På dei mindre engførekomstane langs dei indre høgdedraga er både rogn og bjørk i ferd med å etablere seg. Desse mindre engførekomstane inngår i lynghemosaikken, og er ikkje skilt ut i eige polygon i figur 3.3.



Figur 3.10. Ned mot dei øvre strandberga går lyngartane ut og fuktheia går over i grasmark.



Figur 3.11. På mange høgdedrag finn ein mindre parti med grasmark. Dette er truleg stader som har vore oppgjødsla gjennom den tidlegare drifta ved at dei har vore prefererte av beitedyra som liggjestader.

På den tidlegare innmarka, innanfor utmarksgarden, finn ein dei viktigaste engførekomstane på øya. Fleire engtypar inngår, men med hovudvekt på mindre næringsrike og fuktige engtyper. Viktigaste NiN-typar i dette området er T4-6 svak lågurt-kulturmarksfukteng, T4-2 svak lågurt-kulturmarkseng og T4-5 kulturmarksfuktrye på dei fattigaste og fuktigaste områda. Etter Fremstad (1997) tilsvarende dette G4 Frisk fattigeng, G1 Fuktig fattigeng og G3 Sølvbunkeeng. Ein finn òg innslag av G12 Våt/fuktig middels næringsrik eng. Eit par mindre parti har stort innhald av jordnøtt (*Conopodium majus*) og vart klassifisert til G4b Jordnøttutforming. Viktige artar i jordnøttenga er elles smalkjempe, engsyre, englodnegras, engsoleie, raudsvingel, engkvein og gulaks (*Plantago lanceolata*, *Rumex acetosa*, *Holcus lanatus*, *Ranunculus acris*, *Festuca rubra*, *Agrostis capillaris*, *Anthoxanthum odoratum*). Stadvis kjem også ein art som hanekam inn, dette er ein art ein gjerne finn i slåttemark i kyststrok. Elles er engtypane lite typeutvikla, bortsett frå G3 Sølvbunkeeng. Smyle er ein viktig grasart i området. Området er karakterisert av aukande gjengroing.

Fleire innførte artar førekjem i tilknytning til den tidlegare busetnaden, mellom anna sitkagran, platanlønn og nokon frukttrær. Sitkagran ser ikkje ut til å spreie seg i noko særleg grad på den tidlegare innmarka enno. Platanlønna har derimot spreidd seg stadvis. Førekomstane med sølvbunkeeng og jordnøtteng er mindre prega av gjengroing.



Figur 3.12. Frå den tidlegare innmarka på Nordre Nærøy.



Figur 3.13. Utsnitt av jordnøtteng. Dette er truleg den mest artsrike vegetasjonsutforminga på øya i dag.



Figur 3.14. Spesiell vegetasjonsutforming med tett feltsjikt av ulike graminidar som f.eks sølvbunke, bleikstorr (*Carex pallescens*) og skogrøykvein (*Calamagrostis purpurea*). Dette kan ha vore ein av dei tidlegare åkerlappane på øya. Lauvtrea har ein viss storleik i dette området, noko som indikerer at gjengroinga tok til tidlegare her enn på andre delar av øya etter at ho vart forlate.

3.2 Skjøtselsbehov

Skjøtselsbehovet må vurderast i forhold til den framtidige målsetjinga for reservatet. I eit framtidssenario er det mogeleg både å sjå føre seg at ein let reservatet utvikle seg i naturleg retning utan omfattande skjøtsel, eller at ein forsøker å restaurere den tidlegare vegetasjonssamansetjinga på øya gjennom å reetablere delar av det tidlegare skjøtselsregimet. Dette siste kan auke verdien av området for sjøfugl.

Dersom ein vel å la reservatet gå tilbake til naturen, vil vegetasjonsutviklinga truleg gå raskare her enn på Gåsøy på grunn av at gjengroinga har kome lengre. Ein vil stadvis kunne få etablert ein blandingskog mellom lauvtre og furu, først i kystlynghei og etter kvart også på delar av myrarealet. Etablering av eit tresjikt vil kunne redusere torvdaninga.

I begge desse perspektiva er det nausynt at framande artar som sitkagran og platanlønn vert fjerna frå reservatet ved hogst. Overvaking av gjenvekst frå desse artane bør deretter setjast i verk. Det kan syne seg vanskeleg å fjerne innslaget av platanlønn utan beiting. Fleire av individa på øya ser ut til å ha busk- eller krattform, slik at ringbarking kan verte vanskeleg. Platanlønn har moderate eigenskapar i å skyte nye skot frå rot og stamme etter hogst, men eventuell hogst må likevel følgjast opp nokre år etter slik at dei skota som kjem vert fjerna. Alternativt kan ein vurdere stubbebehandling av rota med kjemiske midlar. Omfattande rydding av lauvtre bør ikkje settast i verk om ein ikkje har planar for beiting i området. Sjå elles tilrådingar angåande framande artar og fjerning av lauvtre i forbindelse med lyngsviing i kap. 2.2.

Dersom skjøtselsperspektivet vert lagt til grunn er ein avhengig av å få etablert eit beiter regime av om lag same intensitet som ved tidlegare drift. Ved folketeljinga i 1865 beita i alt 8,3 storfeeiningar øya, dersom ein nyttar dei anbefalte forholdstala frå Eksam & Forshed (1996) og antek at halvdelen av det registrerte sauetalet er lam. Dette var ikkje uvanleg ved folketeljingane (avhengig av kva tid på året det vart telt) i motsetnad til ved matrikelregistreringane som berre registrerte vaksne dyr. Eit storfe beitar for 4,5 saueingar (sau inkludert lam) i høve til desse satsane. Eit høveleg beitetrykk på øya skulle dermed tilseie 37 sau/geit på beite inkludert lam/kje. Desse satsane er sjølvsagt berre rettleiande. Ein veit ikkje om alle dyra tidligare beita på Nordre Nærøy heile beitesesongen, dei kan ha vore flytta til andre øyer i delar av året. Samstundes var husdyra mykje mindre av vekt tidlegare, og hadde eit vesentleg mindre fôropptak enn dagens storferasar. Dei kunne dessutan utnytte beitet betre enn dagens rasar. Dette er alle faktorar som skulle tilseie at

det reelle beitetrykket var lågare enn dei satsane som er nytta skulle tilseie. Dette vil for ein stor del verte motverka dersom ein vel å beite også den tidlegare innmarka. Samstundes kan dei tidlegare brukarane av øya også ha praktisert slått på delar av utmarka. Det er derfor grunn til å tru at eit høveleg tal beitedyr ligg rundt det som er berekna ut i frå desse satsane.

Beitearealet på Nordre Nærøy er 54,8 ha når en tek vekk impediment. Det historiske beitetrykket blir dermed 0,7 einingar sau/geit pr. ha. Til samanlikning så er beitetrykket i landskapsvernområdet Været på Trøndelagskysten 0,2 saueiningar pr. ha. med ei arealfordeling mellom grasmark og røsslyngdominert kystlynghei på 1:3 (Thorvaldsen 2011). På Været vert det praktisert heilårsbeite, men dette er ikkje aktuelt på Nordre Nærøy på grunn av låg dekning av røsslyng. Frå Skottland har ein funne at 1,8 sau pr. ha gjennom heile året er berekraftig utan å gi tilbakegang av viktige beiteplanter i lyng og grasheivegetasjon (Grant et al. 1982, Hartley & Mitchell 2005). For norske forhold tilrår Buer (2011) 10 daa godt lyngheibeite pr. morsau på heilårsbeite. På Lurekarven ved Lyngheisenteret i Lindås er ein nede i 0,2 sau pr. ha når forholdstalet kystlynghei (inkludert pionerfase) /grasmark er 10 til 1 basert på berekningar i villsauprojektet ved Bioforsk.

Som det går fram av desse eksempla så fins det ikkje nokon fasit på kor høgt eit optimalt beitetrykk er på eit beite av denne typen. I praksis så vil ein måtte bruke tilveksten på dyra som eit mål på tilfredstillande dyrevelferd. Dersom tilveksten syner seg tilfredstillande mens avbeitinga framleis er for dårleg kan dyretalet aukast. Dersom tilveksten er for dårleg så må dyretalet reduserast eller ein må inn med tilleggsfôr. Det er vidare ein føresetnad at dyra har tilgang til ei sikker og god vasskjelde, og at det vert følgt opp med snyltebehandling dersom dette syner seg naudsynt. Som nemnt er det ikkje aktuelt med vinterbeite på Nordre Nærøy på grunn av mangel på røsslyng, men det kan vere ønskeleg å forlenge beitesesongen noko både vår og haust. I høve til dei berekna satsane ovanfor, er det òg grunnlag for å anta at beitetrykket bør liggje noko i overkant i ein restaureringsfase dei første åra. Forbetring av beitet med lyngskjøtsel kan etterkvart verte aktuelt i delar av området, sjå kap. 2.2 for tilrådingar omkring dette.

Val av husdyrslag og rase vil ha betyding for vegetasjonsutviklinga. Dei britiske studiane er gjort på sauerasar med sterk preferanse for grasvokstrar, mens det gjerne er utegangarsau av gammal norsk sau som beiter i den norske kystlyngheia. Studiar her til lands har synt at spelsau gjerne vil ha 30-50% vedvokstrar i dietten også gjennom sommaren, mens norsk kvit sau i snitt hadde 23% (Steinheim et al. 2006). Beiting med norsk kvit sau vil derfor ha mindre effekt på kystlynghei og lauv enn beiting med utegangarsau. I studiar av utegangarsau på beite i tradisjonelt skjotta kystlynghei har ein synt at røsslyng og lauvtre inngår i dietten også om sommaren (Norderhaug & Thorvaldsen 2010). Det er høvesvis store grasareal på Nordre Nærøy og stor dekning av graminidar i kystlyngheia. Primært bør det være utegangarsau eller kystgeit som vert tatt i bruk som beitedyr på øya. Alternativt kan likevel ein kombinasjon mellom kystgeit og norsk kvit sau vere aktuelt, dette vil sikre både god avbeiting av grasarealet og redusere gjengroinga på øya. Sjeviot er og eit saueslag med ei sterk tilknytting til området, og som fint kan nyttast som alternativ til norsk kvit. Storfesasar som har synt seg å beite godt på lauv (som t.d skotsk høglandsfe og hereford) kan også vere aktuelt i kombinasjon med sau. Det viktigaste i dette spørsmålet er ikkje kva dyreslag ein vel, men at ein får på plass ein langsiktig avtale med seriøse dyreeigarar. Ein bør vere merksam på å at trakkskadar lett kan oppstå dersom ein beitar for lengje utover hausten med storfe, så det er ein fordel om ein kan unngå tunge rasar og fullvaksne dyr. Det er lett tilkomst og god hamn på øya så dette er ikkje til hinder for å reetablere beiting på øya.

Om ein lukkast med å få på plass eit høveleg beiter regime er det naudsynt å setje i gang med rydding av skog og kratt. Både rogn og bjørk har spreidd seg over store delar av øya, og mange individ har nådd ein viss størrelse slik at det er naudsynt med hogst. Ved hogst må det hoggast heilt ned til bakken slik at minst mogeleg av stammen står att. Enkelte stadar er det utvikla små bestandar med lysopen lauvskog, spesielt på delar av den tidlegare innmarka. Desse bestanda har allereie fått ein viss biologisk verdi og tener dessutan som ly for beitedyra. Desse bestanda kan derfor få stå, da ein bør kunne anta at dei ikkje greier å spreie seg så lenge det føregår beiting på øya med eit høveleg dyreslag.

4. Oppsummering

Det blei påvist stort behov for skjøtsel av kulturbetinga vegetasjon i begge naturreservata i Flora. På Gåsøy var kystlyngheia sterkt degenererande, men er ikkje trua av gjengroing i løpet av dei kommande åra. På Nordre Nærøy var innhaldet av røsslyng vesentleg mindre, men gjengroinga har komme lengre og verneverdiane knytt til kulturmark på øya er derfor i ferd med å gå tapt. På begge øyane er innførte, svartelista artar i ferd med å spreie seg.

Situasjonen i desse to reservata liknar mykje på det ein finn i fleire av dei mange sjøfuglreservata som inneheld kulturbetinga naturtyper langs kysten av Sogn og Fjordane og elles i landet. Det er oftast opphøyr av beiting som er felles for desse områda. Skjøtsel i naturreservat er oftast tiltak som krev kontinuitet og oppfølging, og ikkje isolerte enkelttiltak. Ein må difor ta høgde for at dette er ressurskrevjande arbeid, og det vil ofte verte naudsynt å prioritere tiltak mellom dei ulike verneområda. Samstundes ligg det også ei avgrensing i kva ein kan få til av skjøtsel i dei enkelte av områda, spesielt i høve til å få på plass beitedyr i eit høveleg beiter regime. Vi vil derfor tilrå at ein i fylket føreteik ein samla gjennomgang av alle reservata med skjøtelsavhengige verneverdiar, for å vurdere kor det er mogeleg å få til skjøtsel og på bakgrunn av dette utarbeider ei prioriteringsliste for alle desse naturreservata. Dette vil kunne vere eit virkemiddel for å unngå at ein set i gang skjøtselstiltak ein seinare ikkje har mogelegheit til å følgje opp, noko som vil være uheldig i den vidare forvaltninga av områda.

Ein er avhengig av at følgjande tiltak vert sett i verk for å bevare viktige delar av naturverdiene på Gåsøy og Nordre Nærøy naturreservat i følgjande prioriterte rekkjefølgje:

- Fjerning av framande treslag.
- Utarbeide etterprøvbare og realistiske bevaringsmål for kvart enkelt reservat og sjå desse i samanheng med andre liknande reservat i fylket. Fastsetje eit overvakingssopplegg tilpassa bevaringsmåla.
- Inngå langsiktige avtalar om beiting med aktuelle grunneigarar med eigna husdyrslag.
- Få på plass beitedyra og evaluere beiter regime i samråd med grunneigarar for å sikre at ein ivaretek berekraftig skjøtsel og dyreetiske krav over tid.
- Utarbeide ein detaljert plan for lyngsviing på Gåsøy og sjå dette i samanheng med tiltak for å rydde lauvskog.
- Komme i gang med skjøtsel av kystlynghei for å forbetre beiteverdiene (aktuelt berre på Gåsøy i første omgang).
- Rydding av lauvskog også på Nordre Nærøy.

5. Litteratur

- Bokdam, J. & Gleichman, J.M., 2000. Effects of grazing by free-ranging cattle on vegetation dynamics in a continental north-west European heathland. *Journal of Applied Ecology*, 37, 415-431.
- Buer, H., 2011. Villsauboka. Selja forlag.
- Bullock, J.M. & Pakeman, J.R., 1996. Grazing of lowland heath in England: management methods and their effects on heathland vegetation. *Biological Conservation*, 79, 1-13.
- DN, 1999. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13. Direktoratet for naturforvaltning, Trondheim.
- Ekelund, K. & Måren, I., 2003. Bekjemping av einstape på Lygra og Lurekalven. Forslag til skjøtselstiltak. pp. 4. Lyngheiseret.
- Ekstam, U. & Forshed, N., 1996. Aldre fodermarker. Betydningen i hävdregimen i det förgagna. Naturvårdsverket Förlag.
- Erikstad, L., Halvorsen, R., Moen, A., Thorsnes, T., Andersen, T., Blom, H.H., Elvebakk, A., Elven, R., Gaarder, G., Mortensen, P.B., Norderhaug, A., Nyggard, K., Ødegaard, F., 2009. Landformvariasjon (terrengvariasjon og landformer). Naturtyper i Norge Bakgrunnsdokument 14. www.artsdatabanken.no.
- Fraser, M.D., Theobald, V.J., Griffiths, J.B., Morris, S.M. & Moorby, J.M., 2009. Comparative diet selection by cattle and sheep grazing two contrasting heathland communities. *Agriculture Ecosystems & Environment*, 129, 182-192.
- Fremstad, E., 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. NINA, Trondheim.
- Fremstad, E. & Moen, A., 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. *Rapport botanisk serie*, pp. 231. NTNU, Vitenskapsmuseet, Trondheim.
- Gimingham, C.H., 1988. A reappraisal of cyclical processes in *Calluna* heath. *Vegetatio*, 77, 61-64.
- Gimingham, C.H., 1992. The Lowland heathland management handbook. English Nature, Peterborough.
- Grant, S.A., Milne, J.A., Barthram, G.T. & Souter W.G., 1982. Effects of season and level of grazing on the utilization of heather by sheep. Longer term responses and sward recovery. *Grass and Forage Science*, 37, 311-320.
- Halvorsen, R., Andersen, T., Blom, H.H., Elvebakk, A., Elven, R., Erikstad, L., Gaarder, G., Moen, A., Mortensen, P.B., Norderhaug, A., Nygaard, K., Thorsnes, T., Ødegaard, F., 2008. Naturtyper i Norge- teoretisk grunnlag, prinsipper for inndeling og definisjoner. Naturtyper i Norge Bakgrunnsdokument 2:1-121.
- Halvorsen, R., Andersen, T., Blom, H.H., Elvebakk, A., Elven, R., Erikstad, L., Gaarder, G., Moen, A., Mortensen, P.B., Norderhaug, A., Nygaard, K., Thorsnes, T., Ødegaard, F., 2009. Naturtyper i Norge (NiN), vers .1.0. www.artsdatabanken.no.
- Halvorsen, R. & Moen, A., 2013. Drøfting av myrbegrepet (artikkel 7). I: Halvorsen, R. (Red).2013. Artikkelsamling. Naturtyper i Norge, bakgrunnsdokument 6. 1-93.
- Hartley, S.E. & Mitchel, R.J., 2005. Manipulation of nutrients and grazing levels on heather moorland. Changes in *Calluna* dominance and consequences for community composition. *Journal of Ecology*. 93.:990-1004.
- Hjelle, K.L., Halvorsen, L.S. & Overland, A., 2010. Heathland development and relationship between humans and environment along the coast of western Norway through time. *Quaternary International*, 220, 133-146.
- Hobbs, R.J. & Gimingham, C.H., 1987. Vegetation, fire and herbivore interactions in heathland. *Advances in Ecological Research*, 16: 87-173.
- Kaland, P.E., 1979. Landskapsutvikling og bosetningshistorie i Nordhordalands lyngheiområde. På leting etter den eldste garden (eds R. Fladby & S. J.). Universitetsforlaget, Oslo.
- Lindgaard, A. & Henriksen, S., 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.
- Moen, A., 1973. Landsplan for myrreservater i Norge. Norsk geografisk tidsskrift 27, 173-193.
- Moen, A., 1985. Classification of mires for conservation purposes in Norway. *Aquilo Ser. Bot.* 21., 95-100.
- Moen, A., 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens Kartverk, Hønefoss.
- Moen, A., Lyngstad, A., Øien, D.-I., 2011. Kunnskapsstatus og innspill til faggrunnlag for oseanisk nedbørmyr som utvalgt kulturlandskap. Rapport botanisk serie. NTNU, Vitenskapsmuseet.

- Moen, A., Olsen, T.Ø., 1983. Myrundersøkelser i Sogn og fjordane i forbindelse med den norske myrreservatplanen., K. Norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapport Botanisk serie.
- Måren, I. & Ekelund, K., 2005. Einstape - hvordan bekjempe den i kulturlandskapet. *Blyttia*, 63, 147-155.
- Nedkvitne, J.J., Garmo, T.H. & Staaland, H., 1995. Beitedyr i kulturlandskap. Landbruksforlaget, Oslo.
- Nilsen, L.S., 2004. Coastal heath vegetation in central Norway; recent past, present state and future possibilities. Ph.D Thesis, Norwegian University of Science and Technology, Trondheim, NO.
- Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L. & Kvamme, M., 1999. Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlaget.
- Norderhaug, A. & Thorvaldsen, P., 2010. Variasjon i beitepreferanser hos utegangersau på kystlynghei. Husdyrforsøksmøtet 2010.
- Pakeman, R.J, Hulme, P.D., Torvell J.M. & Fisher, J.M., 2003. Rehabilitation of degraded dry heather (*Calluna vulgaris*) moorland by controlled sheep grazing. *Biological conservation*. 114, 389-400.
- Pakeman, R.J. & Nolan, A.J., 2009. Setting suitable grazing levels for heather moorland: a multi-site analysis. *Journal of Applied Ecology*, 46. 363-368.
- Palmer, S.C.F., Gordon, I.J., Hester, A.J. & Pakeman, R.J., 2004. Introducing spatial impacts into the prediction of moorland vegetation dynamics. *Landscape Ecology*, 19. 817-827
- Prøsch-Danielsen, L. & Simonsen, A., 2000. Palaeoecological investigations towards the reconstruction of the history of forest clearances and coastal heathlands in south-western Norway. *Vegetation History and Archaeobotany*, 9, 189-204.
- Steinheim, G., Nordheim, L.A, Weladii, R.B. Gordon, I.J., Ådnøy, T. & Holand, Ø., 2006. Differences in choice of diet between sheep breeds grazing mountain pastures in Norway. *Acta agricultural Scandinavica, Section of Agricultural Sciences*. 55. 16-20.
- Thorvaldsen, P., 2011. Skjøtselsplan for kystlynghei på Tarva i Bjugn kommune. Bioforskrapport, 6(134).
- Thorvaldsen, P. & Garmo, T.H. 2012. Mikromineral i viktige beiteplanter i kystlynghei. I: Utegangersau i kystlynghei. Prosjektrapport til Statens Landbruksforvaltning. Unpubl.
- Velle, L.G., 2012. Fire as a management tool in coastal heathlands: a regional perspective. PhD Thesis, Faculty of Science, University of Bergen, Norway.
- Velle, L.G., Nilsen, L.S. & Vandvik, V., 2012. The age of *Calluna* stands moderates post-fire regeneration rate and trends in northern *Calluna* heathlands. *Applied Vegetation Science*, 15, 119-128.
- Watt, A.S., 1947. Pattern and process in the plant community. *Journal of Ecology*, 35, 1-22.

Vedlegg 1. Artsliste

Gåsøya 27. juni 2011

Blokkebær	<i>Vaccinium uliginosum</i>
Blåbær	<i>Vaccinium myrtillus</i>
Blåknapp	<i>Succisa pratensis</i>
Blåtopp	<i>Molinia caerulea</i>
Bukkeblad	<i>Menyanthes trifoliata</i>
Dunbjørk	<i>Betula pubescens</i>
Duskull	<i>Eriophorum angustifolium</i>
Einer	<i>Juniperus communis</i>
Einstape	<i>Pteridium aquilinum</i>
Engkvein	<i>Agrostis capillaris</i>
Englodnegras	<i>Holcus lanatus</i>
Engsoleie	<i>Ranunculus acris</i>
Engsyre	<i>Rumex acetosa</i>
Fjøresaulauk	<i>Triglochin maritima</i>
Flaskestorr	<i>Carex rostrata</i>
Flekkmarihand	<i>Dactylorhiza maculata</i>
Fuglevikke	<i>Vicia cracca</i>
Grøftesoleie	<i>Ranunculus flammula</i>
Gul nøkkerose	<i>Nuphar lutea</i>
Gulaks	<i>Anthoxanthum odoratum</i>
Gullris	<i>Solidago virgaurea</i>
Gåsemure	<i>Potentilla anserina</i>
Hanekam	<i>Lychnis flos-cuculi</i>
Heisiv	<i>Juncus squarrosus</i>
Hesterumpe	<i>Hippuris vulgaris</i>
Hundkvein	<i>Agrostis canina</i>
Kaprifol	<i>Lonicera caprifolium</i>
Krekling	<i>Empetrum nigrum</i>
Krushøymol	<i>Rumex crispus</i>
Krypvier	<i>Salix repens</i>
Kvit nøkkerose	<i>Nymphaea alba</i>
Kvitlyng	<i>Andromeda polifolia</i>
Kystbergknapp	<i>Sedum anglicum</i>
Kystmaure	<i>Galium saxatile</i>
Kystmyrklegg	<i>Pedicularis sylvatica</i>
Lyssiv	<i>Juncus effusus</i>
Mjødurt	<i>Filipendula ulmaria</i>
Myrhatt	<i>Potentilla palustris</i>
Platanlønn	<i>Acer pseudoplatanus</i>
Raud jonsokblom	<i>Silene dioica</i>
Raudsvingel	<i>Festuca rubra</i>
Rogn	<i>Sorbus aucuparia</i>
Rognasal	<i>Sorbus hybrida</i>
Røsslyng	<i>Calluna vulgaris</i>

Saltsiv	<i>Juncus gerardii</i>
Saltstorr	<i>Carex vacillans</i>
Sitkagran	<i>Picea sitchensis</i>
Skogstjerne	<i>Trientalis europaea</i>
Skrubbær	<i>Cornus suecica</i>
Sløkje	<i>Angelica sylvestris</i>
Slåtestorr	<i>Carex nigra ssp. nigra</i>
Smalkjempe	<i>Plantago lanceolata</i>
Smyle	<i>Avenella flexuosa</i>
Storbjønnskjegg	<i>Trichophorum cespitosum ssp. germanicum</i>
Strandbalderbrå	<i>Matricaria maritima</i>
Strandkryp	<i>Glaux maritima</i>
Strandkvann	<i>Angelica archangelica ssp. litoralis</i>
Strandnellik	<i>Armeria maritima</i>
Strandstjerne	<i>Aster tripoilum</i>
Sverdliilje	<i>Iris pseudacorus</i>
Sølvbunke	<i>Deschampsia cespitosa</i>
Tepperot	<i>Potentilla erecta</i>
Tiriltunge	<i>Lotus corniculatus</i>
Tjønnaks	<i>Littorella uniflora</i>
Torvull	<i>Eriophorum vaginatum</i>
Tyttebær	<i>Vaccinium vitis-idaea</i>
Vendelrot	<i>Valeriana sambucifolia</i>
Øyrevier	<i>Salix aurita</i>

Nærøya 27. juni 2011

Augnetrøyst	<i>Euphrasia spp</i>
Blokkebær	<i>Vaccinium uliginosum</i>
Blåbær	<i>Vaccinium myrtillus</i>
Blåknapp	<i>Succisa pratensis</i>
Blåtopp	<i>Molinia caerulea</i>
Bukkeblad	<i>Menyanthes trifoliata</i>
Dunbjørk	<i>Betula pubescens</i>
Duskull	<i>Eriophorum angustifolium</i>
Einer	<i>Juniperus communis</i>
Einstape	<i>Pteridium aquilinum</i>
Englodnegras	<i>Holcus lanatus</i>
Engsoleie	<i>Ranunculus acris</i>
Engsyre	<i>Rumex acetosa</i>
Flekkmarihand	<i>Dactylorhiza maculata</i>
Furu	<i>Pinus sylvestris</i>
Geitsvingel	<i>Festuca vivipara</i>
